

KYRKJEBLAD


for

NORD-FRON


Nr. 2 • SOMMAREN 2017 • Årgang 62



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje



17.mai 2017 vil bli hugsa som den finaste på mange år. På Vinstra var det eit rekordstort barnetog. Foto: Jens Petter Ous.

Les i dette nummer:

- KVAM KAPELL VERT PILGRIMS-KAPELL s 4
- PILGRIMSKONSERT s 5
- SÆTERMESSER s 6
- ÅRETS KONFIRMANTAR s 8-9
- VERDENS-PREMIÉRE I BAKKESTUGU s 11

TEA KAROLINE FØRER ARVEN VIDARE
SIDE 7

www.nord-fron.kirken.no

TIL TENESTE

Nord-Fron kyrkjekontor
Tlf 612 16 290
Kyrkjevevjerje: Ragnar Løsnesløkken
Tlf 612 16 292
Sekretær: Grete Bakken
Tlf 612 16 290

KONTORTIDER:

Kl 09.00-12.00
og elles etter avtale

SOKNEPREST:

Jens Petter Ous
Tlf. kontor 612 16 293
Mobil 975 74 993

VIKARPREST:

Maria Walfriðsson
Tlf kontor 612 16 294

DIAKON:

Ingunn Liseter
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 976 82 694

TRUSOPPLÆRAR:

Hildegunn Maria Haanes Ruset
Tlf kontor 612 16 286
Tlf mobil 959 35 300

KANTORAR:

Lars A Mensonides
Tlf: 95 46 03 51
Cindy van der Leden
Tlf: 95 46 13 56

SØDORP SOKN

Soknerådsleiar:
Åse Brit Kappelslæn
Tlf 415 07 846
Kyrkjetenar/gravar:
Anders Stø
Tlf 612 90 974/909 60 650
Kyrkjetenar:
Frank Varpestuen
Tlf 456 06 026
Kyrkjetenar Ivar Kvande

KVAM SOKN

Soknerådsleiar:
Eli Anita Lillereiten
Tlf 996 22 966
Kyrkjetenar:
Svein Fredrik Kjæstad
Tlf 908 45 584

KVIKNE SOKN

Soknerådsleiar:
Kristian Ekre
Tlf 612 95 832/911 31 563
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

SKÅBU SOKN

Soknerådsleiar:
Unni Bøyum Kluge
Tlf 932 92 209
Kyrkjetenar:
Jan Smikop
Tlf 951 22 470

FAMILIE-RÅDGJEVING

Kirkens Familierådgiving
Storgt 21, 2670 Otta
Tlf 612 30 536
Kl 09.00 – 14.00

Grafisk produksjon:
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



HEIM OG KYRKJE



Døyppte

SØDORP

Jonah Hermansson
Sigurd Fagervold Nysæter

KVAM

Matias Stormorken Haukdal

SKÅBU

Sigrud Brendløyken
Bjørn Groven Vaal
Ella Klevmoen-Sande



Døde

SØDORP

Else Marie Botten
Kåre Hølmen
Eva Hofstad
Marta Kolstad
Åse Stø
Eva Kristin Polle

KVAM

Petter Øybrekken
Trygve Myromslien
Hans Georg Sandbu (frå Sel)
Oddmar Tangen

SKÅBU

Per Slåstuen
Åge Ekre
Torgunn Anna Sletten
Karsten Kapellslæn

Det er funne

eit bunads-armband i Sødorp kyrkje i mai 2016 og bunads-søljer i mai 2017.
Dei kan fåast att på kyrkjekontoret mot presist signalement.

Takk for fin flatskjerm

Sødorp sokneråd fekk låne ein flatskjerm til Kyrkjestugu då det var «Salme-maraton» på NRK. No har soknet fått denne til odel og eige!
Stor takk til Vinstra Elektro for gåva!

KONTONUMMER TIL SOKNA SINE BLOMEFOND

Skåbu Blomefond har kontonummer	2095.53.06628.
Kvam Blomefond har kontonummer	2095.20.65069.
Sødorp Blomefond har kontonummer	2095.31.32606.
Kvikne Blomefond har kontonummer	2095.52.83652.

Kyrkjekontorets e-post-adresse: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Heimeside: www.nord-fron.kirken.no

NESTE NUMMER

av «Kyrkjeblad for Nord-Fron» kjem ut i september 2017.
Frist for stoff: 22. august.

KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kjartan Ruset tlf 416 25 803 E-post: kjaru@online.no
Redaksjons-komitée: Randi Brendløyken (Skåbu), Anders Hage (Kvikne),
Egil Myhre (Kvam), Jens Petter Ous

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59776

Ny grønn messehagel i Skåbu



Messehagelen er teikna og vevd av Unn Virik.

Framsida: Salme 72,16 plassert i Skåbu-natur, kransa av bladverk/druer:

«Det skal vera ei mengd med korn i landet, på fjelltoppane, grøde skal susa i Libanonskogen, og folk blømer fram i byane som gras på jordi....» Salme 104,2-4: «...han spenner ut himmelen som ein tjellduk.... han som fer fram på vengjene åt vinden. Han gjer vindar til sine englar»

Baksida: Kristus i mandorla, kransa av bladverk/ druer.

Salme 104,2: «...Han sveiper seg i ljøs som eit kledeplagg....»

Symbol: Hjarte = Jesu kjærleik Lys = Kristus er verdsens ljøs Kristusmonogram = Kristus

Bladverk/ druer = Vekster og grøde

Petra har fylt 90!

Sørdorp sokn sin gode hjelper, Petra Berg, fylte 90 år den 15. mai. Dagen vart feira på Sundheim, med familien frå Toten den eine dagen, og venner frå Vinstra den neste. Petra har vore ein krumtapp i misjon og kyrkje i Sørdorp sokn. Ho var i si tid medlem i soknerådet, var i ein kvinnealder leiar av misjonsforeninga for NMS. Ho stod for Misjonsmessa på Gammelbanken i alle år, og seinare baka ho kvart år mengder av julekaker for sal, til inntekt for misjonen. Som yrkesaktiv arbeidde ho på kontoret ved Ysteriet. Ho var og ein ivrig tilskodar ved forballkampar i Kåja. På 70-års-dagen vart ho påskjøna med bløtkake frå Vinstra Idrettslag! I gatebildet såg vi ofte Petra på sykkelen, der ho for rundt som den gode hjelper for eldre i soknet. Stor takk og gratulasjon til Petra frå Sørdorp sokn!

Kapellet i Kvam vert Pilgrimskapell

I vår vart Kvam Sokneråd kontakta av representantar for Pilgrimsleden. Dei hadde eit ynskje om at kapellet ved Kvam Kyrkje kunne haldast ope for pilgrimane i sommarmånadene.

Soknerådet bestemte seg for å ta utfordringa og vil i år halde kapellet ope kvar dag frå 1/6 – 31/8, for pilgrimane og andre interesserte. I tillegg vil kyrkja vera ope kvar måndag, onsdag og laurdag frå 8 – 11 i juli månad.

Kvam kapell er ei vidunderleg gave som vart gjeven til innbyggjarane i Kvam, som gravkapell, av Petra Sletten.

Den 12 august i 1938 vart kapellet innvidd og etter at hovedkyrkja brann ned under krigshandlingane i Kvam, fredag kveld 26 april 1940, vart kapellet vigsla til interimkyrkje og den vart brukt som soknekyrkje i 12 år, til nykyrkja sto ferdig i 1952. Da vart kapellet mest brukt som gravkapell att.

De siste 30 åra har kapellet vore svært lite brukt, og soknerådet ynsker å vise fram det fine kapellet og all historia rundt det, til pilgrimane som ofte kjem forbi om sommaren, og alle andre interesserte.

Det er desverre ganske dyrt å halde vedlike eit gammalt bygg.

Vi må blant anna ha ein blikkenslagar til å tette skillet mellom kapellet og våpenhuset, der det i ganske mange år, desverre har komme vann inn når det regnar. Vi må også reparere dørene, da den innste ikkje går å lata att pga endringar i bygget.

Kapellet har også vore utsett for angrep av stokkmaur,

så noko av golvet må reparerast, 4 av glasa har sprukke, og vi må derfor ha ein glassmester til å skifte dei.

Ved å kle våpenhuset innvendig med panel, vil vær og vind haldast betre ute, og vi ynskjer å bytte teppet og gardinane, kle opp at alterringen og håpar også å kunne få ordna ein ny alterduk, så kapellet kan visast fram i all si prakt.

Vi ynskjer også å få skrive ned historia til kapellet, den gamle og den nye kyrkja. Litt om merkene kapellet fekk under krigen, da kulehola framleis kan sjåast i benkane i kapellet, og presentere dette på flere språk.

Alt arbeidet med dette vil nok ikkje vera på plass i sommar, men vi håper det vil koma på plass etter kvart, og at mange vil ta turen innom for litt historie eller ei stille stund, og at kapellet også på sikt kan brukast til fleire messer.

Dersom nokon ynskjer å støtte soknerådet i dette arbeidet vil det i løpet av sommaren/hausten bli sett igang eit lotteri, og det er også mogleg å gje ei gave til konto nr 2095 19 85296, pengane vil da gå til å halde kapellet, kyrkja og kyrkjegarden pen og vedlike.

No har vi også enderleg fått blomfondet i gang att, og det er ved dødsfall og gravferder mogleg å gje si støtte her.

Kvam sokneråd vil få ynskje alle ein velsigna god sommar!

Eli Anita Lillereiten, soknerådsleiar



Kapellet i Kvam var ei gave frå utflytt kvamver Petra Sletten. Ho dreiv forretning i København. Kapellet vart innvidd med stor fest den 12.august 1938. Då kyrkja brann ned under krigshandlingane i april 1940, vart kapellet berga. Det fungerte som kyrkjehus til den nye kyrkja stod ferdig hausten 1952. Foto: Egil Myhre.

Pilegrimskonsert fredag 18.7. kl 19:00 i Kvam kirke

Den hellige Birgitta

“Lär mig att älska”

Tonesatte bønner

**Eli Helland, vokal, fremfører sammen med to jazzmusikere og en organist
bønner etter Sveriges helgen Birgitta (1303 - 1373).**

Helland har tonesatt og arrangert bønnene for vokal, bass, orgel/piano og perkusjon.

De er nylig innspilt i Rainbow studio vil finnes tilgjengelig på CD ved konserten.

Helland har vært sysselsatt med Birgittas bønner, liv og gjerning i 23 år.

Kvelden blir et møte mellom middelalder og nåtid, med tekster som belyser evige menneskelige dilemmaer.

Eli Helland vokal

Kristoffer Myre Eng orgel/piano

Stig Hvalryg bass

Tore Thorvaldsen Sandbakken trommer/perkusjon

www.elihelland.com

Billetter kr 200,- på Tikkio, Vipps eller kontant i døren.

Barn under 16 år gratis.



Sætermesser og andre gudstenester utanom kyrkjene våre sommaren 2017

- Kvam sokn: **16.juli kl 12.00:** Sætermesse på **Kvamsfjellet, Rustom sæter.**
13.august kl 11.00: Peer Gynt-messe ved **Rondablikk.**
- Kvikne sokn: **20.august kl 12.00:** Sætermesse på **Breistulen, Ekresætra.**
- Skåbu sokn: **2.juli kl 10.00:** Kulturvandring. Oppmøte: Helsehuset.
kl 12.00: Familiogudsteneste i **Bakkestugu.**
- Sørdorp sokn: **2.juli kl 16.00 (Merk tida!):** Gudsteneste på **Fagerli fjellstue** i samband med Norden-stemnet. Kyrkjekaffe. Open for alle
9.juli kl 12: Sætermesse på **Fagerli (Rusthage).**

*Kvam sokneråd ynskjer velkommen til sætermesse hos Anne Saglien på Rustomsætra søndag 16.juli. Sætra («Klevstadlykkja») ligg på venstre hand ca 400 meter før Måsåplassen.
Foto: Egil Myhre*



Olsok 29. juli

Kvam kapell kl 18: Olsokmesse v/ Jens Petter Ous.
Nattverd

Bygdaturnet, Sørdorp kl 20: Olsokmesse v/Jens Petter Ous

Open kyrkje sommaren 2017

Kvam kyrkje
– open kl 8-11 månd-onsd-laurd i juli måned

Skåbu kyrkje
– open kl 11-15 månd-onsd-laurd frå 17.juni til 19.aug.

Bymesse

Under Byfesten 2.-3.sept. vert det «Bymesse» i Sørdorp kyrkje på sundagen kl.11. Det er også konfirmantjubiléum den dagen. Sørdorp sokneråd inviterer til kyrkjekaffi etter messa.

“Estin Kjørren”-kveld i Kvikne kyrkje fredag 1.september kl 1900.

Estin Kjørren (1727-1805) skar ut og måla albertavla og preikestolen i Kvikne kyrkje.

Det som er mindre kjent, er at han også skreiv salmar. I salmane sine kunne han ta utgangspunkt i lokale hendingar, mellom anna har Ofsen i 1789 vore tema for ei salme. Til å framføre Estin Kjørren sine salmar, kjem Jon Faulstad som har tonesett og spelar og Reidar Svare som spelar og syng. Steinar Løsnesløyken vil leie oss gjennom kvelden og fortelja nærare om denne mangfaldige kunstnaren.

Etter samlinga i kyrkja, vil soknerådet ha kaffen klar i kyrkjestugu'n.

Inngang: kr 150 for vaksne og kr 50 for barn.

Kvikne sokneråd ønskjer alle vel møtt til ein triveleg kveld i kyrkja.

Tea Karoline fører arven vidare

Då Tea Karoline Uhlen Aasmundstad var 7 år, fekk ho høyre opptak frå NRK, overført på CD, med songar av Kristian Aasmundstad. På denne CDen syng også Camilla Granlien songar etter Aasmundstad. Desse songane greip sjuaringen med ein gong, og har sidan ikkje slept taket i henne. No er Tea ein av dei som fører denne folkemusikkarven vidare. Det hjalp nok på at songaren Kristian vaks opp i det same tunet som Tea Karoline – på Aasmundstad i Kvikne!

– Ja, eg er litt stolt over å føre denne tradisjonen frå Kvikne vidare. Eg trur Kristian var bror til tippoldefaren min, fortel Tea i samtale med Kyrkjebladet.

Som sjuaring hadde Tea allereide røynsle som songar. Ho hadde sunge eit par år i Skåbu Barnekor med Anne Mette Blekastad som dirigent. Men no ville ho og syngje folketonar! Det vart mykje song og musikk i oppveksten.

– Etter tida i Skåbu Barnekor byrja eg i korps og i Fron Kulturskule. I Vinstra Skulekorps spela eg klarinett, og i Kulturskulen vart det song i Barnekolet med Hilde Sveen, og seinare i gruppa «Harmoni» med Sara Grøthe.

Attåt dette fortel Tea at ho var med i 4 H. Ho var og innom dans ved Danseloftet på Hundorp, og spela både handball og fotball! Ei aktiv ung dame, med andre ord! Ein kunne bli stressa av mindre, men Tea er slett ingen stressa person. Avslappa og ettertenksam fortel ho om sine aktive barne- og ungdomsår.

Med Tea si interesse for song og musikk vart Musikklina det naturlege valet for Vidaregåande.

– Vi har eit fint miljø der. Eg har song som hovudinstrument, med Ingeborg Dalheim som lærar i klassisk song. Folkesongen har vore meir på fritida.

Ingeborg Dalheim er ein kjend sopran frå Oslo (opp-haveleg frå Dovre), spesialist på barokkopera, kan Tea fortelje. Men attende til Kristian Aasmundstad. Camilla Granlien – også lærar ved Musikklina/VVS - har bidrege til å gjere han kjend i dag. For eit par år sidan fekk ho barnehagane i Ringebru med på eit prosjekt der borna vart gjort kjende med songane hans, og til slutt framførde dei for publikum saman med Camilla. Prosjektet fekk ein høgstående pris. Kristian Aasmundstad var i si tide lærar ved Ringebru Folkehøgskule, sonen likeeins. Per har fleire gonger framført songane etter Kristian i Kvikne kyrkje. No er det Tea som har denne rolla. Det var sterkt å møte Per, fortel ho.

– Ja, det var spesielt å syngje for Per. Eg vart beint fram rørt då han sa at det var som å høyre faren Kristian når eg song. Han kjende att krullane!

I Kvikne set dei stor pris på songen til Tea. Ho har vore mykje nytta både i kyrkja og på Bygdahuset.

– Blir det song og musikk du satsar på framover?

– Eg er ikkje heilt sikker. Men det er eit viktig val, så eg vil tenkje meg godt om. Kanskje vert det religionsvitenskap eller musikkvitenskap ved NTNU i Trondheim. Religion og musikk har mykje til felles!



Som ein kan vente av denne aktive ungdomen, er ho og med i elevpolitikken. Ho er leiar i elevrådet ved Vinstra Vidaregåande Skule. Og ho er godt nøgd med skulen sin!

– Det som er fint med VVS, er at lærarane tek elevane på alvor. Vi har eit godt fungerande elevdemokrati ved skulen. Vi set pris på at rektor er den som er elevane sin kontakt i elevrådet. Dette er spesielt for VVS. Det vanlege er at ein av lærarane har denne oppgåva.

Tea er også organisatorisk nestleiar i EO («Elevorganisasjonen») i Oppland. Akkurat no er det tentamen som står for døra, med klassisk song på programmet.

– Kva er skilnaden på å syngje klassisk og å syngje folketonar?

– Klangen er litt annleis og krullane finn du ikkje på same måte innanfor klassisk, forklara Tea. – Når det kjem til klassisk syng eg hovudsakleg sopran.

På tentamen skal Tea syngje arien «Lascia ch'io panga» (italiensk!) frå operaen «Rinaldo» av Händel. Når vi tenkjer oss om, så er ikkje vegen så lang frå operascena i London anno 1705 («Rinaldo») til songaren i Kvikne på dei tider. Krullane i songen til Kristian Aasmundstad og dei før han var ein del av den barokke stilen, til liks med akantusrankene i Kvikne kyrkje, og blomsterdekoren på Gudbrandsdalens festbunad. Og no er også vår Tea ein formidlar av denne kunsten, både som klassisk songar, og ikkje minst som formidlar av dei gamle folketonane frå si heimbygd Kvikne. Lukke til vidare, Tea, med tentamen, og seinare eksamen og vidare på utdanningsvegen!

KjR

Konfirmant i Sodorp kyrkje 13. mai 2017



Fremste rekke: Thea Østendotter Kleiven, Sina Lillegård, Ina Bjerke, Eirin Resset Bråten, Ingunn Liseter, Jens Petter Ous, Hålagunn Haanes Ruset, Rakel Hatling, Kristiane Kongslø Espe, Lina Gryttingslien, Elin Haugen Meldal.

2. rekke: Kristine Ringen, Synne Letrud, Silje Brende, Julie Pedersen, Solveig Lunde, Sigrid Sletten, Ronja Harildstad, Aleksandra Lohaugen, Marthe Rundtom Boe, Sunniva Brendhaugen, Oda Brende, Marie Slåen, Andrea Skjeggstad Nord

3. rekke: Thomas Westgaard, Kevin Andre Skurengslien Kjosmoen, Morten Byrbotten Haverstadløkken, Simen Andresen, Sander Fagervold Bergset, Laurits Stokkevåg Eide, John Stokkevåg Eide.

4. rekke: Håkon Heide Gjerdingen, Tobias Haverstadløkken Rognli, Erling Jakobsen, Jørgen Fjerdingen Tangen, Hans Elias Tarud, Tosten Sletten, Edvard Martinsheimen, Tord Jonsson Bekkevar, Iver Stubbrud, Oliver Grøthe, Jørgen Eriksen.

Konfirmant i Kvam kyrkje 20. mai 2017



I. rekke: Sofie Solberg Killi, Maria Røssummoen, Jens Petter Ous, Ingeborg Krohg Røssum, Kristin Kamp.
2. rekke: Sandra Stenseng Sanden, Malin Myromslien, Synne Kjæstad Aspeslåen.
3. rekke Stian Berge, Elias Krok, Isak Tungen Weikle, Ivar Holten Lien, Erland Lien, Vegard Milsteinhaugen Budsberg.
4. rekke: Aksel Lien, Simen Evjenth Holen, Jøran Johnsgård.

Konfirmant i Kvikne kyrkje 27. mai 2017



Amund Sylte og sokneprest Jens Petter Ous.

Konfirmant i Skåbu kyrkje 3. juni 2017



Sokneprest Jens Petter Ous og Ida Iverstuen Blekastad.

Skåburosa

Tekst av Unni Bøyum Kluge 2014

Sol over fjellet! Hjertet er stille,
fjellvannet blinker blidt og himmelblått.
Sol over fjellet! Vinder så milde
puster bort alt som er grått.

Sol over fjellet! Mogopen smiler,
lengselen stilner, hjertet finner fred.
Sol over fjellet! Tankene hviler
mer enn noe annet sted.

Stille i tåke, heftig i vind.
Variasjoner,
vindenes toner.
Glitrende øyne, tårer på kinn, -
fanger hjerterytmene inn.

Huldrelukk-tonen smyger og drar,
hviskende sanger,
fjellene fanger.
Ingen er urørt, hjertet gir svar,
tonen klinger mild og vår.

Lys over fjellet! Ingen kan fange
fargenes spill og solens symfoni.
Lys over fjellet! Dagene lange,
fjellets pust er sterk og fri.

Skåburosas smil i soloppgangens flamme,
fanges i et glimt når stjernene er framme.
Skåburosa stråler mot oss i solnedgang,
sommerveldens hemmelighet,
nynnet fram av bekkens sang.

Skåburosa, tonen fødes av din glede,
i hvert pust av vind er varmen din til stede.
Skåburosas toner jubler i solnedgang, -
stilner inn mot natten til Skåburosas vuggesang.

Sol bakom fjellet, skygger blir lange,
fuglene stilner, dagen går til ro.
Blikket er fjernt og minnene mange.
Bleke stjerner bygger bro.

Stille i fjellet, magiske stunder,
ingen er gitt å kjenne alle svar.
Stille i fjellet, sommernatts under:
Fjellet er og fjellet var!



Flott program på «Open stugu» sundag 16.juli

Det er «Bakkestugus venner» som inviterer til dette arrangementet, som har vorte ein årleg tradisjon. Unni Bøyum Kluge fortel til Kyrkjebladet at dagen byr på eit interessant program. Kl 12 vert det kåseri ved **Ole Moen**. Vi hugsar han som kommentator på NRK-TV ved presidentval i USA. Han har vore professor i Nord-Amerikanske studier ved Oslo universitet, og forfattar av mange populære bøker om USA, mellom anna «USAs presidenter fra George Washington til Barck Obama» (2009). Han er gift med Solveig Solberg frå Skåbu, og dei har barnomsheimen hennar som feriestad. Moen er kjend som ein dyktig formidlar og kåsør.

Og så vert det verdenspremière! **Torger Iverstugun** sin komposisjon «**Skåburosa**» skal framførast til nyskriven tekst. Forfattar er før nemnde Unni Bøyum Kluge. Songen skal framførast av Monica Elserud, med tonefyllge av **Lars Eggen** og **Olav Blekastad** på fele.

Arrangøren byr på litt meir musikk, mykje kaffi, og trivsel både inne og ute i Bakkestugu denne dagen.

«Bakkestugu-dagen» ein del av «Skåbu – liv lågå» som arrangerast 13.-16.juli.



Bakkestugu er eit vakkert kulturminne i Skåbu. Det ligg kloss i FV 255 ved demningen på Olstappen. Bakkestugu var heimen til Rønnaug Sagboden (1895-1994), og var ein av landets siste plassar med husmannskontrakt. Foto: Unni Bøyum Kluge.

**«Bakkestugu-dagen» søndag 3.juli:
Velkommen til kulturvandring og gudsteneste!**

Kulturvandring frå Helsehuset kl.10.00.
Friluftsgudsteneste v/Jens Petter Ous ved
Bakkestugu kl 12.00. Kyrjekaffi.
Arr.: Skåbu sokneråd

Skåbu kyrkje 90 år!

Skåbu kyrkje vart inn vigd hausten 1927.
90-års-jubiléet vert markert saman
med konfirmant-jubiléet
sundag 3.september.

SpareBank
GUDBRANDSDAL
Tlf. 612 18 000 - Web adr: www.s1g.no



Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen

Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Vinstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

**Lymoens
Gartneri & Blomster**
SØDORP, TLF. 61 29 15 46

**Dale-
Gudbrands
Trykkeri a.s**
2635 Tretten, tlf. 61 27 73 50.

www.dg-trykk.no

Vinstra;libris

Peer Gynt Kjøpesenter | 2640 Vinstra
Tlf: 61 29 04 09 | vinstra@libris.no
www.libris.no/vinstra



HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-



Vinstra.
Tlf 61 29 04 01

TOYOTA

DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

Hageland
Bjørke



Tlf 915 750 74
Vi hjelper deg med blomster til
begavelse og andre anledninger.

OM Bakken Bygg AS Lomoen - Vinstra
ENTREPRENØR - HUS OG HYTTER
Tlf. 61 21 60 00
Fax 61 21 60 01

*Bakken
Begavelsebyrå* Tlf. 47 68 22 27



**Gudbrandsdal
Energi**

Tlf. 61 29 47 00 - www.ge.no

Rondablikk

Tlf. 61 29 49 40 - www.rondablikk.no
Rondablikk har lokaler som dekker det fleste behov:
• Barsedåp • konfirmasjon
• bryllup.

Og om det er noen som runder år,
er dere velkomne til å feire dette sammen med oss.
Nyt middagen til med utsikten til fantastiske
Rondane.

Lore Søndenfor
Landbruksentreprenør Tlf 901 97 409

**SENTRUMS
HJØRNET**

Elvevegen 4 - Kvam. 906 39 181

Vinstra Begravelsebyrå

Liv Veikleengen

Liv: 958 99 899 - Lise: 995 82 943

Døgnvakt – Gravmonumenter
Etablert 1979

RUSTUGUSETRA
Parkering - Butikk - Transport - Hytteservice
Tlf. 61 29 49 46 - Mob. 909 98 173
2642 Kvam

**TEIGEN – TANGEN
byggfirma**
Mob. 95 94 87 11 og 95 25 87 30

BE Sanden Bygg AS

Tlf. 905 94 187 Bjørn Einar

abaris
APPS FOR BUSINESS

Elvevegen 5, 2642 Kvam. Tlf: 98 26 68 80

Peer Gynt Seterveg

Peer Gynt Seterveg starter på vinstra og ca. 45 km.
Den møter Kvam Sterveg på grensa Sødorp/Kvam.

Ta turen over fjellet, en fantastisk tur!

Se og les mer på: www.peergyntseterveg.com

ruste regnskap

Strandgt. 54, 2640 Vinstra. Tlf: 61 29 26 60 / 924 64 529
E-post: post@rusteregnskap.no

Glimt frå arrangement våren 2017

Alle foto: H.M.H. Ruset



6-års-boka er spanande! Kvifor vente med å lese?



Flotte 4-åringar får bok i Sødorp kapell.



Full fart i Kvam kyrkje! Tårnagentane kviler ikkje!



Tårnagentane fordjupar seg i den spanande Bibelen!



Kyrkjerottene og flaggermusa Viggo engaskerte borna, både store og små



Alle borna fekk rotte-bollar då dei var på Kyrkjerotte-teater i Kvam kyrkje.

Helsing frå kyrkjelydspedagogen

Når vi no går inn i sommaren 2017 har eg vore tilsett som kyrkjelydspedagog i Nord-Fron i eitt år. For meg har det vore eit fantastisk år, med mange gode møter i kyrkjene våre. Eg har stifta mange fine bekjentskap med barn, ungdom og foreldre, og fått mange store opplevingar og mykje glede i møte med folk, og med Gud til stades! Eg er svært takksam for å ha ein så givande jobb som det er å vere kyrkjelydspedagog i Nord-Fron!

I Nord-Fron er det mange som er knytt til kyrkja gjennom ulike aktiviteter, blant anna gjennom trusopp-læringa. Det set vi som jobbar i kyrkja stor pris på, det er for kyrkjelyden vi gjer jobben! Eg håper at endå fleire

vil delta på trusopp-lærings-arrangement når eg tek fatt på mitt andre år i jobben. Eg har opplevd å få mykje god attendemelding og det set eg stor pris på. De må heller ikkje nøle med å komme med innspel! Vi lagar våre arrangement for dykk, og de må veldig gjerne kome med innspel på kva de ynskjer og kva de trur vi skal gjere for å få med også dei som ikkje før har vore med i kyrkja!

Eg ser fram til å starte på «ei ny runde» som kyrkjelydspedagog i Nord-Fron og gler meg til å sjå dykk på arrangement att til hausten. Med ynskje om ein god sommar for dykk alle!

Hildegunn Maria Haanes Ruset

NB! Vi startar opp att med samlingar i haust.

Fyrst ut er 4- og 5-åringar: **Hausttakkefest i Skåbu og Kvam søndag 24.september, i Kvikne og Sødorp søndag 22.oktober.** Som vanleg kjem det invitasjon i posten.

Vel møtt!

REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

CIRCLE K

Kvam
Tlf 61 29 44 30

KIWI mini pris

KIWI KVAM
TLF. 612 16 850

HVEM KAN SLÅ

Anne Kari Haugalien?

MIDTDALENS HUMORDRONNING
OG SELVERKLÆRT MOSJONIST

Furusjøen rundt FOR ALLE!

RENN RITT LØP

Aktive og mosjonister
Flere distanser
Ulike utfordringer



Sterk & Smidig

trening for alle

Tlf. 922 50 868



Toksekleiva

HUNDEPENSJONAT - VINSTRA

Tlf. 971 88 621

Fronraktor Service

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.



SLANGEN SETER

2643 SKÅBU

Tlf. 61 29 55 18 - Mobil: 99 59 55 18 - 90 95 88 38
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Skåbu Servicesenter
Hos Rødhette & Ulven

- Restaurant • Bar
- Catering • Cafe
- Kokken hjem/På hytta

61 29 55 86 - 975 62 208
2643 Skåbu - [facebook](#)

Velkommen



SKÅBU REGNSKAP AS

post@skaaburegnskap.no

Tlf.: 413 83 898

MEMBER
REGNSKAP
NORGE



KLYPPEKROKEN

TOVE IREN ERIKSEN

Tlf. 97 73 72 14

STØTT VÅRE ANNONSØRER!

NYE ANNONSØRAR

er velkomne frå og med neste nummer. Ta kontakt med Kyrkjekontoret, tlf. 612 16 290.

E-post: grete.bakken@nord-fron.kommune.no

Preike ved solidaritetsmesse i Kvam kyrkje, 1. mai 2017

Jens Petter Ous

PREIKETEKST: Luk 6,31-36

³¹ Som de vil at andre skal gjera mot dykk, så skal de gjera mot dei. ³² Om de elsker dei som elsker dykk, er det noko å takka dykk for? Til og med syndarane elsker dei som viser dei kjærleik. ³³ Og om de gjer vel mot dei som gjer vel mot dykk, er det noko å takka dykk for? Det gjer syndarane òg. ³⁴ Og om de låner til dei som de ventar å få att av, er det noko å takka dykk for? Syndarar låner og til syndarar når dei kan få like mykje att. ³⁵ Nei, elska fiendane dykkar, gjer vel og lån bort utan å venta noko att. Då skal lona dykkar vera stor, og de skal vera born av Den høgste. For han er god mot dei utakksame og vonde.

³⁶ Ver miskunnsame, som Far dykkar er miskunnsam.

SOLIDARITET – KVA ER DET?

Ordet solidaritet knytter vi tankar til alle saman. Eg skal hente opp nokre tankar frå nettet: **Solidaritet** (av latin *solidum*, hele summen, helheten; fransk *solidarité*: samhøgrighet, sammenhold) er et begrep som beskriver en følelse av samhøgrighet og samhold mellom individer eller grupper. Ordet benyttes ofte i fagpolitiske sammenhenger, og også til å uttrykke støtte til folk i den tredje verden. Wikipedia

I Store norske leksikon seiest det med om lag same meininga: *Solidaritet, en følelse av samhøgrighet og samhold mellom individer eller grupper av individer. Begrepet er særlig blitt brukt i forbindelse med faglig og politisk kamp blant arbeidere og politiske organisasjoner på venstresiden, og i forbindelse med støtte til undertrykte folk i andre land, ikke minst den såkalte tredje verden.*

*I sosiologien ble begrepet særlig kjent gjennom Émile Durkheim. Han anså solidaritet som en nødvendig forutsetning for at et samfunn skulle bestå, og beskrev to typer av solidaritet: **Mekanisk solidaritet** kjennetegner tradisjonelle samfunn, hvor arbeidsdeling er lite utviklet, hvor storfamilie og tette samfunn dominerer. **Organisk solidaritet** kjennetegner samfunn med større grad av arbeidsdeling og differensiering, der nettopp yrkesspesialiseringen skaper en følelse av gjensidig avhengighet mellom samfunnsmedlemmer, som hver for seg har ulike oppgaver.*

Solidaritet handler om at ingen av oss kan leva solo – vi står i forhold til kvarandre og er avhengig av kvarandre. For meg handlar det i vårt moderne samfunn om å ikkje setje nokon utanfor fellesskapet. Å ikkje la nokon bli åleine att – svikta av fellesskapet. Solidaritet handlar om å stå skulder ved skulder – å støtte kvarandre og hjelpe kvarandre. Der solidariteten i bygda eller på arbeidsplassen eller i møte med nye i bygda vår er til stades, der klarer ein å ta vare på kvarandre og hjelpe kvarandre til eit godt liv. Der solidariteten manglar, der blir det kaldt mellom menneska og der klarer ein ikkje å realisera det som fellesskapet maktar å realisera.

SOLIDARITET – INNLEVING – EMPATI

I Bibelen møter vi tankar om solidaritet: Sterkt kjem det fram i orda vi las frå Lukasevangeliet: *Som de vil at andre skal gjera mot dykk, så skal de gjera mot dei.* «Den gyldne regel» – kallar vi orda. Ein regel vi finn i fleire av dei store religionane. Då handlar det om innleving i andre menneske sin situasjon, og å tenkje seg sjølv inn i same situasjon og tenkje etter kva ein ynskja sjølv om livet var som den andre har det no. Evna til innleving i andre sin situasjon er nok ulik hjå oss. Men det er viktig at vi pleier den evna – det gjer oss empastiske – det vil seie – vare for korleis andre har det. Solidariteten er at vi held saman og gjer mot kvarandre, det vi sjølv vil at andre skal gjera mot oss.

SOLIDARITET – MEIR ENN BERRE Å STÅ PÅ KRAVA

Å seie noko slikt – bør kanskje ikkje bli ståande utan nokre fleire ord!?

Oftast har ordet vorte brukt i ein politisk situasjon der det

dreier seg om arbeidsdeling: der vi krev det same for same arbeid, og der vi kjempar for at alle skal få det like godt på alle vis i arbeidet. Vi talar om like plikter og like rettar. Det gamle fagforeningsslagordet var: «Gjer din plikt og krev din rett».

Det held som slagord i ein fagpolitisk situasjon. Men bibelen utfordrar til ein vidare måte å tenkje solidaritet. ³⁵ *Nei, elska fiendane dykkar, gjer vel og lån bort utan å venta noko att...* ³⁶ *Ver miskunnsame, som Far dykkar er miskunnsam.* Solidaritet som går lenger enn berre til mi eiga gruppe: Elsk fiendane!

Solidaritetet handlar ikkje berre om rett og krav og plikt, men også om barmhjertigheit. Der ein gjev meir enn ein plikt, der ein avstår frå eigen rett for at andre skal ha det godt, der ein modererer krava for at fleire skal få meir!

Så kjenner vi historia, der solidaritet og samhold har vore viktige for å få igjennom reformar, forbedringar, tilpasningar som har gjort det betre å vera arbeider i landet vårt. Det er bra!

Samstundes utfordras vi på vår eiga evne til solidaritet med dei som kjem til oss. Dei som har flykta og vil finna vern hjå oss. Vi kan møte dei på fleire vis: Redde for at dei skal ta noko frå oss eller glade for å kunne dele med andre av våre goder? Vi finn gode eksemplar på begge deler frå vårt eige samfunn!

Skal solidariteten bli noko meir enn slagord og politisk kamp, må også hjarte vera med. Barmhjertigheit, omtanke, empati, tenestevilligheit og mange andre ord må også famnast i ordet solidaritet.

Å LEVA UNDER GUDS HIMMEL

³⁶ *Ver miskunnsame, som Far dykkar er miskunnsam.*

I kyrkja seier vi at Gud skapte verda og alt som er i verda. Og han sette menneska til å forvalta det Gud har skapt. Kallet til kvar og ein av oss er å leva slik Gud har lært oss i sitt ord. Då kan vi snakke om ein radikal solidaritet! Ein solidaritet kyrkja mange gonger og på mange måtar har svikta. Fordi kyrkja ofte, med sine leiarar, har stått på makta si side og vore blind for dei som makta har råka og halde nede. Men svik og svikt vi kjenner så vel til – skal ikkje og må ikkje – hindra oss som kyrkje å venda om og følgje i Herrens fotspor.

Som kyrkje er vi kalla til å følgje Kristus. Kva sa han til oss?

²⁵ *Men Jesus kalla dei til seg og sa: «De veit at fyrstane over folka undertrykkjer dei, og stormennene deira styrer med hard hand. ²⁶ Men slik skal det ikkje vera blant dykk. Den som vil bli stor mellom dykk, skal vera tenaren dykkar; ²⁷ og den som vil vera den første av dykk, skal vera slaven dykkar. ²⁸ Menneskesonen er heller ikkje komen for å la seg tena, men for sjølv å tena og gje livet sitt til løysepenge for mange.» Matt 20,25-28*

Kyrkja og kyrkjas folk er solidarisk når dei stiller opp og tener..... for slik var Kristus.

Gudstenester i Nord-Fron sommaren 2017

	SØDORP	KVAM	KVIKNE	SKÅBU
2.s.i.treeiningstida 18.juni Matt 3,11-12	12 Kyrkja Familiegudst. Krølle -2-årsboka Maria Walfridsson			10. Familiegudst. Krølle -2-årsboka Maria Walfridsson
3.s.i.treeiningstida 25.juni Luk 14,15-24			11 Høgmesse Nattverd Maria Walfridsson	
26-30.juni	Konfirmantleir – Nordfjord folkehøgskule (Begge prestane er med)			
4.s.i.treeiningstida 2.juli Mark 10,17-27	16 Fagerli – gudsteneste i samband med Norden- stemne. Open gudsteneste med kyrkjekaffe. JPOus			10 Kulturvandring 12 Bakkestugu. Familiegudsteneste Jens Petter Ous
5.s.i.treeiningstida 9.juli Matt 7,15-20	12 Sætermesse Fagerli – (Rusthage) Jens Petter Ous	10 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous		
6.s.i.treeiningstida 16.juli Luk 5,1-11		12 Sætermesse Rustom- sætra (Saglien) Kvamsfjellet JPOus	10 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous	
7.s.i.treein/ Aposteldagen 23.juli Luk 15,1-10	10 Kyrkja Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous			12 Høgmesse Nattverd Jens Petter Ous
Olsok 29.juli Joh 12,24-26	20 Olsokmesse Bygdatunet Jens Petter Ous	18 Kvam Kapell Olsokmesse Nattverd Jens Petter Ous		
8.s.i.treeiningstida 30.juli Matt 6,19-24	Gudstenestefri i Nord-Fron			
9.s.i.treeiningstida 6.august Matt 11,28-30	10 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Maria Walfridsson		12 Høgmesse Nattverd Maria Walfridsson	
10.s.i.treeiningstida 13.august Luk 5,27-32		11.00 Kvamsfjellet Peer Gynt-messe Maria Walfridsson		19 Kveldsmesse Nattverd Maria Walfridsson
11.s.i.treeiningstida 20.august Matt 23,37-39	10 Kapellet Høgmesse. Nattverd Maria Walfridsson		12 Breistulen - Ekresætra Sætermesse Maria Walfridsson	
12.s.i.treeiningstida 27.august* Luk 15,11-32	10.30 Sundheim Høgmesse. Nattverd Maria Walfridsson	19 Kveldsmesse Nattverd Maria Walfridsson		
13.s.i.treeiningstida 3.september Matt 25,14-30	11 Kyrkja "Bymesse" Konf.jubileum Jens Petter Ous			11 Høgmesse Konf.jub/ Konf.pres Ny prest
14.s.i.treeiningstida 10.september Matt 20,1-16		11 Høgmesse Konf.jub/ Konf.pres Ny prest	11 Høgmesse Konf.jub/ Konf.pres Jens Petter Ous	
15.s.i.treeiningstida 17.september* Matt 7,24-28	19 Kyrkja Ungdomsgudst. Konf.pres. Jens Petter Ous		11 Tverrbygda grendahus Fam.gudst. Jens Petter Ous	
16.s.i.treeiningstida 24.september Mark 7,31-37		17 Hausttakkefest 5-åringar/ 4-års-boka Ny prest		11 Hausttakkefest 5-åringar/ 4-års-boka Ny prest
17.s.i.treeiningstida 1.oktober Joh 11,17-29.30-46	11 Kyrkja Høgmesse. Nattverd Jens Petter Ous		19 Kveldsmesse Nattverd Jens Petter Ous	

Alle gudstenester vert annonsert i GD på fredagar. Sjå ellers nettsida: www.nord-fron.kirken.no